

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/23	Heradsstyret	PS	22.02.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3760

## Skattetakstnemnda - utmelding av medlem Av Siren Tyssebotn

### Heradsstyret - 015/23

#### HS - behandling:

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

#### HS - vedtak:

**Heradsstyret tek saka til vitande**

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Siren Tyssebotn vart valt inn som fast representant for FRP i formannskapet den 19.10.2022.

Frå før var Siren Tyssebotn valt inn som fast medlem av skattetakstnemnda jf. HS 101/19 den 11.12.2019.

Jf. Eignedomsskattelova §21 kan ikkje medlemmar av formannskapet vere medlem av skattetakstnemnder.

Siren Tyssebotn, FRP, vert difor meldt ut som fast medlem av skattetakstnemnda for Osterøy kommune. Åshild Rød, tidlegare vara for Siren Tyssebotn, kjem difor inn som fast medlem.

#### Vurdering

Ein må ta stilling til om det er nødvendig med supplerer av ny vara i resterande av inneverande kommunevalperiode.

Ordføraren vurderer det slik at det ikkje er nødvendig å supplere skattetakstnemnda etter Siren Tyssebotn grunna kort tid igjen av perioden. Det vert også tatt omsyn til at skattetakstnemnda innanfor denne perioden har ein nokså avgrensa arbeidstid, i hovudsak i samband med taksering av eigedomar før skattemeldinga vert sendt ut i mars 2023.

#### Konklusjon

Saka vert lagt fram som ein orienteringssak for heradsstyret

